



SYKKYLVEN SKAPARULEDE

Vi gjer merksam på at e-post til og frå Sykkylven kommune i utgangspunktet er journalpliktig etter arkivlova, og også vil vere eit offentleg saksdokument som andre vil kunne få innsyn i etter reglane i offentleglova.

Fra: Heidi Hansen [mailto:hh@nordplan.no]
Sendt: 22. mars 2017 13:35
Til: Arild Sunde Rinnan; 'Sæverud Hallvard'
Kopi: Bjarte Ståle Hovland
Emne: Utkast til reguleringsplan for rundkøyring ved småbåthamna

Hei

Vedlagt følgjer planutkast til gjennomgang og kommentar, før endeleg ferdigstilling. Eg legg også ved notat frå Multiconsult, skred og flomberegning.

Vi har orientert Brødrene Aursnes om planen som medfører tap av parkeringsareal for dei. Vi har halde fast ved at gangvegssystemet er viktig, og ikkje gjort endringar. Dei er nok ikkje fornøgd med det, sjå svar under.

Fra: Knut Henning Aursnes [mailto:knut@aurunes.no]
Sendt: onsdag 22. mars 2017 07.56
Til: Runar Tennø <rt@nordplan.no>
Emne: Re: SV: SV: Fwd: digitalt kart for sykkylven området ved Ullavikvegen


Hei.

Takk for tilsendt utkast.

Rundkjøringen ser fin ut, men det er viktig å merke seg at det blir ikke mulig å benytte deler av arealet på vårt tomt i den nordvestlige delen av rundkjøringen. Reguleringsplanen på vår tomt er nylig vedtatt og vi har lagt opp til en bruk av tomte som gjør at all tilgjengelig parkeringsareal på tomte må benyttes til prosjektet vårt. Det er rikelig areal sør for rundkjøringen som ikke vil komme i konflikt om rundkjøringen flyttes lenger sør.

Med vennlig hilsen
Knut Henning Aursnes
Mob: 90105431

Brødrene Aursnes AS
Skulevegen 9 o N-6230 Sykkylven o Tlf: 930 01 211 o www.aurunes.no



Arild Sunde Rinnan

Fra: Arild Sunde Rinnan
Sendt: 25. april 2017 13:32
Til: 'Heidi Hansen'
Emne: SV: Utkast til reguleringsplan for rundkøyring ved småbåthamna
Vedlegg: Forlengelse o_SGS3 og omlegging av o_SGS4_forslag 250417.pdf; Føresegner, rundkøyring Aure,16.03.17_kommunekommentar.pdf; T-REGPLAN-A3-L_kommunekommentar.pdf; UTKAST Planomtale_16183 Aure, rundkjøring210317_kommunekommentar.pdf

Hei,
Kommunen har hatt ein gjennomgang av planforslaget for rundkøyringa. Bra arbeid de har lagt ned i dokumenta. Eg sender over dokumenta med kommunens kommentarar lagt inn som merknader i dokumenta. Om det er nokon av merknadane som er uklare eller som trengs drøfting, så er det bare å ta kontakt.

Kommunen hadde i dag møte med Brødrene Aursnes AS om arealkonflikta mellom deira prosjekt og planforslaget for rundkøyringa. På møtet vart det diskutert alternative løysingar for o_SGS 4. Dei ønska at o_SGS 4 ikkje skulle ligge på den staden som er foreslått då dette kunne innverke negativt på gjennomføringa av sitt prosjekt. Det vart ein diskusjon om alternativer som kunne tene formålet med å lage tilgang til småbåthavna og leikelandet for gåande/syklende og samtidig behalde arealet som Brødrene Aursnes meiner er naudsynt for sitt prosjekt (sjå vedlagt skisse).

Løysinga vi drøfta var at det etter gangfeltet mellom o_SGS 1 og o_SGS 4 kan sjå på moglegheita med å legge ein gang og sykkelveg som går direkte ned på området til leikelandet/leilighetene, med den hensikt at den naturlege vegen vidare blir mellom bygga og mot småbåthavna. Brødrene Aursnes bemerka at det i planforslaget (kartet) ikkje er lagt opp til ei gang og sykkelvegsløysing som legg opp til at folk skal ned til småbåthavna. Det er ikkje lagt opp til gang og sykkelveg ned mot småbåthamna, der ligg anna veggrunn på sida av Ullavikvegen. Dette poenget ser kommunen, sjølv om intensjonen alltid har vore at det skal vere gode løysingar for å komme seg til småbåthavna. Men ei alternativ løysing, om o_SGS 4 blir lagt om, og ein ikkje legg opp til eit gangfelt mellom o_SGS 4 og o_SGS 3, er å forlenge gang og sykkelvegen o_SGS 3 langs Ullavikvegen og at ein stad legge opp til ei kryssing som blir forbindelsen til leikelandområdet.

Kommunen ønskjer at Nordplan ser på moglegheitene med ei slik løysing, evt andre løysingar. Det er viktig at gang og sykkelvegen ned på leikelandområdet frå gangfeltet over fv. 60 er akseptabel i forhold til å komme seg fram med rullestol og barnevogn. Vi er også interessert i om dykk ser på dette som er god erstatning for løysinga som i dag ligg i planforslaget.

Det kan også bli aktuelt med eit drøftingsmøte der Brødrene Aursnes er tilstade før utlegging av planen til høyring, men det kan vi komme tilbake til etter de har sett på og vurdert den alternative løysinga.


Mvh,


Arild Sunde Rinnan
Arealplanleggar

Tlf. 70 24 67 25 Tlf. sentralbord 70 24 65 00

arild.sunde.rinnan@sykkylven.kommune.no
Sjå brosjyra vår

Alternativ gangvesløsning diskutert med Brødrene Aursnes AS 25. april 2017.



 = Alternativ trase for gang og sykkelveg

 = Gangfelt

Forklaring:

På møtet med Brødrene Aursnes AS den 25.04.2017 var det diskutert alternative løysingar for o_SGS 4. Dei ønska at o_SGS 4 ikkje skulle ligge på den staden som er foreslått då dette kunne innverke negativt på gjennomføringa av sitt prosjekt. Det vart ein diskusjon om alternativer som kunne tene formålet med å lage tilgang til småbåthavna og leikelandet for gåande/syklende og samtidig behalde arealet som Brødrene Aursnes meiner er naudsynt for sitt prosjekt.

Løysinga vi drøfta var at det etter gangfeltet mellom o_SGS 1 og o_SGS 4 kan sjå på moglegheita med å legge ein gang og sykkelveg som går direkte ned på området til leikelandet/leilighetene, med den hensikt at den naturlege vegen vidare blir mellom bygga og mot småbåthavna. Brødrene Aursnes bemerka at det i planforslaget (kartet) ikkje er lagt opp til ei gang og sykkelvegsløysing som legg opp til at folk skal ned til småbåthavna. Det er ikkje lagt opp til gang og sykkelveg ned mot småbåthamna, der ligg anna veggrunn på sida av Ullavikvegen. Dette poenget ser kommunen, sjølv om intensjonen alltid har vore at det skal vere gode løysingar for å komme seg til småbåthavna. Men ei alternativ løysing, om o_SGS 4 blir lagt om, og ein ikkje legg opp til eit gangfelt mellom o_SGS 4 og o_SGS 3, er å forlengje gang og sykkelvegen o_SGS 3 langs Ullavikvegen og at ein stad legge opp til ei kryssing som blir forbindelsen til leikelandområdet.

Kommunen ønskjer at Nordplan ser på moglegheitene med ei slik løysing, evt andre løysingar. Det er viktig at gang og sykkelvegen ned på leikelandområdet frå gangfeltet over fv. 60 er akseptabel i forhold til å komme seg fram med rullestol og barnevogn. Vi er også interessert i om dykk ser på dette som er god erstatning for løysinga som i dag ligg i planforslaget.

Det kan også bli aktuelt med eit drøftingsmøte der Brødrene Aursnes er tilstades før utlegging av planen til høyring, men det kan vi komme tilbake til etter de har sett på og vurdert den alternative løysinga.

Arild Sunde Rinnan

Fra: Heidi Hansen <hh@nordplan.no>
Sendt: 11. mai 2017 13:30
Til: Arild Sunde Rinnan
Kopi: Bjarte Ståle Hovland; Runar Tennø
Emne: SV: Alternativ løsning av gang- sykkelveg mot leikelandområdet ved rundkøyringa ved småbåthavna
Vedlegg: D_003 alt snarveg.pdf; Skisse gangveg med kopling mot vest og sørvest.pdf

Hei

Då har vi gjort ei vurdering av forslaget.

Nivåforskjellen mellom fylkesvegen og planert byggeområde utgjør 0,5 meter. Det er lagt inn standard bredde på g/s-vegen på 3,5 meter (0,25 cm til skulder på kvar side). Stigning 1:15 (jf. TEK 17) og utflating inn mot fv med 4 meter i samsvar med norm pga. siktkrav. Forslaget medfører tap av 2 parkeringsplassar sjølv om ein baserer seg på oppsett av mur.

Det er mulig at R5 i kurvene er knappe m.o.t til brøyting, alt etter brøytemateriell. Vi føreset at den skal brøytast. Sjå vedlegg, teikning D 003.

Vurdering av forslaget:

Fordelar

Rask snarveg tvers gjennom området, direkte til målpunkt som Leikeland og småbåthamna.

Ulempe:

Blanda bil og gang/sykeltrafikk i staden for å separere som er målsetninga i alt trafikktryggingsarbeid.

Uoversiktlege trafikkforhold med mykje trafikk ut og inn til leikeland. (rygging og manøvrering) Det kan opplevast som utrygt, særleg for barn men også funksjonshemma (synshemma) og rullestolbrukarar.

Offentleg gangveg gjennom privat område vil kunne gi uklare ansvars- og driftsforhold. Vanskeleg å regulere inne og skilje ut eiga gangveglinje i reguleringsplan.

Mulige tiltak for å gjere situasjonen litt tryggare:

Etablere sykkelsluse for å unngå mjuke trafikkantar rett ut i veg/manøvreringsarealet.

Oppmerking av gangvegen i asfalten.

Legg inn kryssingspunkt i vest, for å fange opp gangtrafikk langs sjøsida mot sentrum (for dei som ikkje skal til leikeland).

Jf. vedlagde skisse.

Konklusjon:

Vår vurdering er at SVV sitt forslag, og som vi har lagt til grunn i vårt utkast datert 21.03.17, er det som gir best trafikktryggleik. Det er også ryddigast m.o.t eigarforhold, vedlikehald og drift. Det er mogleg å legge opp til ein snarveg i forslaget td. i form av trapp eller rampe (ikkje uu) for å kome direkte til Leikeland og småbåthamna.

Mvh Nordplan as

Heidi Hansen

Samfunnsplanleggar

Tlf. 928 57 809

nordplan.no